

Handlingsplan for BKSF 2014

1.Rekruttering.

BKSF vil:

- hjelp NKSF med å spore opp aktuelle medlemskor.
- stendig gjera kjend BKSF sitt arbeid med arrangement nye stader i bispedømet,
- stimulere til aktivitet på prostiplan. (BKSF sender m.a. ut logofiler for NKSF og BKSF til bruk for medlemskora ved arrangement.)
- at relevante lokale salmekvelder/ konsertar kan arrangerast i samarbeid med Bjørgvin Kirkesangforbund.
- vere i dialog med, og ta initiativ til samarbeidsprosjekt med Ung kirkesang.
- søkje kontakt med mogelege samarbeidspartnarar i kulturlivet generelt.

2.Økonomi

Kontingenten er grunnstamma i økonomien. Ved større arrangement blir det søkt om ekstern støtte, frå t.d Norsk kulturråd, Studieforbundet m.m

3.Web-side

BKSF har si eiga web-side: www.kirkesang.no/bjorgvin. Vi ønskjer å bruke denne sida aktivt, slik at den kan verta ein viktig arena for kora. Vi ønskjer også at denne sida skal bli ein ressursbank der vi lagrar informasjon frå tidlegare verksemd i BKSF.

4.Kurs/Prosjekt

BKSF

- tilbyr kurs med PROTS i Nysæter kyrkje på Stord i slutten av januar.
- tilbyr Prosjekt Mozart requiem der koristane møtast til 2 øvingshelgar + 1 konserthelg. Konsert i Erdal kirke, Askøy og Åsane kyrkje i slutten av oktober. Instruktør: Markus Malmgren.
- tilbyr kurs som kan hentast heim til kora, til dømes stemmebruk og kortonedanning, liturgisk verkstad, temakvelder om liturgi m.m.
- oppmodar regionane om å tenkje felles kursprosjekt.
- tilrår Musica Sacra kurs som går vekselvis som sommar og vinterkurs. Kvar sitt år.

5. Kyrkjesongfestar og festivalar

BKSF innbyr medlemskora til å vere publikum på Avskilskonserten for Olav Øgaard i Slettebakken kirke søndag 15. juni. Dette blir årets Vårtreff!

Torsdag 28. mai -1. juni er det Nordisk kirkesangfest på Færøyene!